

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jarle Skartun
Arkivsaksnr.: 21/166-1

Arkiv: 515

**KS sitt Debatthefte 2021
Omstilling i koronaens tid**

Rådmannen si tilråding:

Innspel til uttale vert ettersendt/lagt fram i møte.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: KS sitt debatthefte 2021

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

KS utfordrar kvart år kommunane på innspel via debatthefte.

Hefta kan ha ulike tema og til vanleg er føreståande lønsoppgjjer sentralt. Det vil ev kome seinare, og i dette hefte er det fokusert på « handlingsrom og forebygging av ungt utanforskap.»

Utval som har vedtaksmynde: Formannskapet.

Fakta/ Vurdering:

KS ønsker innspel til årets debatthefte «KS spør - omstilling i Koronaens tid».

KS inviterar kvart år kommunane og fylkeskommunane til å gje innspel til dagsaktuelle tema som er presentert gjennom debattheftet. I år omhandlar heftet spørsmål knytt til kommunesektoren sitt handlingsrom og forebygging av ungt utanforskap. Innkomne innspel vil samanstillast og takast med i KS sitt vidare arbeid for kommunal sektor. Omtale av og spørsmål om prioriteringar i det føreståande lønsoppgjjeret er i år teke ut av heftet fordi oppgjjeret for 2020 ikkje var endelig då debattheftet vart ferdigstilt. Det vil bli sendt ut eit eige debattgrunnlag seinare for å sikre forankring av tariffoppgjjeret 2021.

Frå KS;

[Tilstrekkeleg handlingsrom for omstilling?](#)

Utfordringane med å finansiere det offentlege tenestetilbodet vil auke framover, og med koronapandemien aukar utfordringane ytterlegare. Som ein konsekvens forsterkast behovet for omstilling i norsk samfunns- og arbeidsliv. Kommunesektoren har i lang tid hatt eit omstillingsbehov, samtidig legger stadig meir komplekse oppgåver press på ressursar – og krev nytenking og innovasjon. Det trengst no andre grep enn rein effektivisering, både for å levere fleire og betre tenester med færre ressursar, og for å møte forventningar frå innbyggjarar og næringsliv. Kommunal sektor er på mange område i førarsetet når det gjeld innovasjon i offentlig sektor, og landstinget la i februar 2020 føringar for KS sitt arbeid på digitaliseringsområdet for å sikre samordning og gjennomføringskraft.

For å kunne tilby gode og relevante digitale tenester til innbyggjarar, næringsliv og frivillige må det offentlege samarbeide på tvers av fagsektorar og forvaltningsnivå. Dette innebærer også endra krav til kompetanse hos leiarar og medarbeidarar. Totalt, vil ei slik betydeleg omstilling auke behovet for lokal friheit til å ta initiativ og løyse felles utfordringar. Lokale løysingar kan vere både meir tilpassa individuelle behov og økonomisk rimeligare enn standardløysingar fastsatt av Storting og regjering.

Det er breid politisk semje om rammestyring som hovudprinsipp for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar, men prinsippet etterlevast ikkje alltid i praksis.

Auka økonomisk rammestyring er erstatta av auka juridisk detaljstyring, og nesten halvparten av ordførarane meiner at lovar og nasjonalt fastsatte krav hemmar innovasjon. For å kunne oppretthalde eit

lokalt handlingsrom til naudsynt omstilling, er det viktig at nye lovkrav og forventningar strengt tilpassast dei økonomiske rammer sektoren kan få i tida som kjem.

Korleis forebygge og bekjempe ungt utanforskap?

Anslagsvis 120 000 unge mellom 20 og 30 år står utanfor arbeid og skole. Psykiske lidingar er ei viktig årsak til ung uførheit og fråfall fra utdanning- og arbeidsliv. I tillegg veks eit aukande antall barn opp i familiar med vedvarande låginntekt. Pandemien har forsterka utfordringa ved at sårbare unge rammast sterkare når økonomien og arbeidslivet rammast. Dette skapar behov for å tenke nytt for å førebygge ungt utanforskap.

Høvet til å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og å skape god samhandling i lokalsamfunnet med utgangspunkt i barn og unge sine behov, gjer kommunane godt eigna til å gje tidlig og tverrfagleg innsats.

Tidleg innsats i grunnskolen er avgjerande for framtidig deltaking i utdanning og arbeid, og fylkeskommunane spelar ei nøkkelrolle gjennom ansvaret for vidaregåande opplæring. Innsats knytt til kompetanse og kvalifisering til arbeid er viktig.

For kommunesektoren inneber dette både eit ansvar som arbeidsgjevar ved å tilby unge jobb og kvalifisering, og å skape gode tenester for å hindre fråfall. Her krevst eit koordinert samarbeid mellom utdannings-myndigheiter, NAV/velferdstenestene og arbeidslivet. Tilpassa kvalifiseringsløp må utviklast i tråd med arbeidslivet sitt behov.

«Partnerskap for radikal innovasjon» er etablert av medlemmane og KS i fellesskap for å løyse kritiske samfunnsutfordringar, og ungt utanforskap er eit prioritert tema. Partnerskapet skal framover sjå på korleis dagens tenesteproduksjon kan og bør endrast.

Seks spørsmål KS ønsker opplyst:

1. Kva er det viktigaste kommunane/fylkeskommunane gjer for å lukkast med naudsynt omstilling?
2. Er det spesielle statlege verkemidlar – i tillegg til kommuneøkonomi - som kommunen/fylkeskommunen opplever er særleg begrensande for omstillingsarbeidet? I så fall, kva?
3. For å sikre handlingsrom for omstilling, kva bør KS særleg gjere framover for å ivareta si rolle overfor medlemmane?
4. Kva er det viktigaste kommunen/fylkeskommunen gjer for å lukkast med å førebygge og redusere ungt utanforskap?
5. Er det spesielle statlege styringsverkemiddel – i tillegg til kommuneøkonomi - som kommunen/fylkeskommunen opplever er særleg begrensande for moglegheiter til å førebygge og redusere ungt utanforskap? I så fall, kva?
6. For å legge til rette for kommunen/fylkeskommunen sitt arbeid med ungt utanforskap, kva bør KS særleg gjere framover for å ivareta si rolle overfor medlemmane?

Rådmannen vil fram mot møte innhenta og drøfte innspel som kan inngå i svar/uttale. Desse vert ev ettersendt.

Dato: 21.01.2021

Jarle Skartun
rådmann

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: